



Dette biletet viser hovudoppslaget i Kvinnheringen i dag.

Kvinnheringen sitt hovudoppslag i dag er om rykteflaumen som har oppstått etter at nokre få i bedehusmiljøet i Uskedalen ikkje ønskjer ein kvinneleg prest. Ryktene skal ha gått lenge, men i helga vart det omfattande på facebook. I tillegg til framsida dekkar heile side 3 i dagens utgåve av Kvinnheringen saka.

Det er nestleiar Møyfrid Kristoffersen som er vald til å uttala seg på vegne av Uskedal sokneråd sidan ho har vore med i heile perioden frå Lina Håland vart tilsett som sokneprest i Uskedalen. Ho er tidlegare leiar.

Eit sentralt punkt i det Møyfrid Kristoffersen seier til avisa, er at soknerådet ønskjer samarbeid med styret i Uskedal indremisjon for å dempa ryktene. Derfor sende soknerådet ein invitasjon der dei ønskte eit drøftingsmøte om 3 punkt. Ulike syn i saka om kvinneleg prest - respekt, var eitt av punkta. Dei to andre var: Samarbeid om møte og temakvelder, og Trusopplæringsprogrammet og samarbeid. Styret i Uskedal indremisjon takka nei til invitasjonen.

-Uskedalen Indremisjon driv eit fritt og uavhengig lekmannsarbeid. Vi ønskjer ikkje noko formelt samarbeid med kyrkja, og takkar nei til invitasjonen, skreiv leiar i styret for indremisjonen i Uskedalen, Jan Tvedt, i eit svarbrev til soknerådet.

Soknerådet vil gjera eit nytt forsøk på kontakt slik at dei to partane kan koma saman. Frå utsida verkar det som om mange av dei som er aktive i bedehusmiljøet, også er svært interessert i samarbeid med kyrkja til beste for kristenlivet i bygda.

Blant bygdefolket er det ingen tvil om at det er massiv støtte til den kvinnelege presten vår. Det vart mellom anna understreka med ei overfylt kyrkje på 17.mai. Svært mange uttrykkjer at dei er glad i presten og set stor pris på den måten ho fyller embetet på.



Med ei fullsett kyrkje 17.mai viste kyrkjelyden si tydelege meining.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Arne Lindeflaten/Kvinnheringen og Kristian Bringedal